



Jotunheimen
nasjonalpark

Over breen til Galdhøpiggen

Over the glacier
to Galdhøpiggen



Taulag over Styggebreen. Foto Kjell Nyøygard.
Hikers secured in rope.

Galdhøpiggen ligg 2469 meter over havet og er det høgaste fjellet i Nord-Europa. Her har du panoramautsikt til tindane og breane i Jotunheimen nasjonalpark.

At 2,469 metres above sea level, Galdhøpiggen is the highest mountain in Northern Europe. It offers a panoramic view of the peaks and glaciers of Jotunheimen National Park.

Frå her du står, tek turen til Galdhøpiggen ca. 3 timar, over bre og gjennom steinur. På turen går du over Styggebreen saman med ein breførar. Breen kan sjå jamn og ufarleg ut, men under snøen er det djupe sprekkar. Isen nede i breen er mjuk og rørleg og sklir langsamt nedover fleire meter i året. Den stive overflata greier ikkje å følgje med rørslene nede i breen, og sprekk derfor opp.

Frå breen går turen vidare gjennom grov steinur i brattare terreng. Her er vi høgt til fjells, og fint sommarvêr kan brått skifte til kald vind og nedbør. Kle deg i vindtette klede og fjellsko, og hugs lue og vottar i sekken. På toppen er det mogleg å kjøpe seg varm drikke på Pigghytta. Ha ein fin tur!

From where you are standing, the hike to Galdhøpiggen takes about 3 hours across a glacier and scree. On the way, you cross the Styggebreen glacier together with a glacier guide.

The glacier may look even and harmless, but deep crevasses are hidden below the snow. The ice inside the glacier is soft and movable and glides slowly downward at the rate of several metres a year. The rigid surface cannot keep up with the movements down inside the glacier, which is what causes the cracks and crevasses.

After the glacier, the walk continues across rough stone scree in steep terrain. We are in the high mountains here and fine summer weather can soon change to cold wind and rain. Wear windproof clothing and hiking boots and remember to pack a hat and mittens. When you reach the top, you can buy hot drinks at Pigghytta. Enjoy your hike!